



Bjørg Margaret Haaland
Kringlebothn 231
5225 NESTTUN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/10545 - 20/32254

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
02.06.2020

Adressetildeling/ omadressering Grønhaugvegen 48 A,B

Administrativt vedtak: Saknr: 556/20

VEDTAK:

Med heimel i Lov nr 101 av 17. juni 2001 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21 og tilhøyrande forskrift kap.12, og felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen, har Alver kommune gjort følgjande adresseendring og adressedeling:

Gnr	Bnr	Brukseining	Vegnavn	Tidl husnr	Nytt Tildelt husnr
349	21	H0101 største hytte	Grønhaugvegen	48	48A
349	21	H0101 minste hytte	Grønhaugvegen		48B

Kommunen har registrert vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen.


Saka gjeld

Ved gjennomgang av kontroll-/ feillister for matrikelopplysningar kom det fram at hytte nr 2 på eigedommen gbnr 349/21 ikkje hadde offisiell adresse. Eigar har blitt forespurt og har bekrefta at dette er ei sjølvstendig hytte og ikkje berre eit anneks til hovudhytta.

Eigar har også blitt førehandsvarsla om adresseendring- og har ikkje kome med tilbakemelding på dette innan fristen.

VURDERING:

Tildeling av adresse til hytte nr 2 er i tråd med retningslinjer for adressedeling og adresse vert difor tildelt. Då det ikkje er ledige husnummer her, vert tidlegare adressert hytte omadressert frå husnr 48 til 48A.



Eigar er ansvarleg for å merke adressa med godkjendt husnummer-skilt med svarte tal på reflekterande botn (sjå døme) og i nokre tilfeller også eventuelt nødvendig tilvisings-skilt.



Du finn meir informasjon om slike skilt på kartverket sine nett sider:

<https://www.kartverket.no/eiendom/adressering/Kommunen-som-adressemyndighet/adresseveilederen/11-Skilting/113-Adresseskilt-og--merker/1133-Adressenummerskilt/>

Regelverk

- Lov nr 101 av 17. juni 2001 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21
- Forskrift om eigedomsregistrering (matrikkelforskrifta) Kap. 12.
- Felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at

klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «20/10545»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bjørg Margaret Haaland
Per Helmer Haaland

Kringlebotn 231
Kringlebotn 231

5225 NESTTUN
5225 NESTTUN